

Ny E134 Skjoldavik–Solheim

NÆRINFO

Juni 2013



Austra innløp til Vikanestunnelen

Målet med prosjektet er å legge gjennomgangstrafikken på E134 utanom busetninga i Skjold. På det viset blir strekninga meir effektiv for dei som reiser gjennom, og tryggare for dei fastbuande i Skjold.

Kva skal vi bygge?

Prosjektet omfattar bygging av totalt 2,8 kilometer ny E134. Vegen blir lagt over i ein ny trasé mellom kyrkja i Skjold og fram til Solheimskrysset. Vegen blir 12,5 meter brei og får midtdelar langs heile strekninga.

Inkludert i dei 2,8 kilometerane skal vi også bygge to tunnelar. Vikanestunnelen blir 360 meter lang, medan Eggjatunnelen blir 320 meter lang. Det skal settast opp midtdelarar gjennom tunnelane også.

Vest for Eggjatoppen skal vi bygge eit nytt kryss i to plan, og ei rundkjøring, der dei eksisterande vegane i området kan

koplast på E134. I tillegg skal vi bygge 5 andre bruer med varierende lengde og breidde for lokale vegar over E134, samt ei 43 meter gang- og sykkelbru ved Smedvik.

Dei fem køyrebruene som skal byggjast er:


- Dalabrua, lokalveg over E134 (lengde 54 meter)
- Nygårdsbekken, (lengde 34 meter)
- Beitabrua, lokalveg over E134 (lengde 37 meter)
- Eggjabrua, lokalveg over E134 (lengde 44 meter)
- Solheimsbrua, fylkesveg over E134 (lengde 49 meter)

Totalt blir det bygd om lag 5 kilometer med sidevegar, lokalvegar, traktorvegar og gang- og sykkelvegar i tillegg til sjølve E134.

Bussreisande vil sjå at dei får nye haldeplassar. Det blir bygd 6 nye busslomar: to ved Skjold kyrkje, to ved toplanskrysset på Eggjatoppen og to ved Solheimskrysset.



Dagens E134 går over i ny trasé ved Skjold kyrkje



Kryss i to plan vest for Eggjatunnelen

Tidsperiode

Arbeidet startar sommaren 2013, og er planlagt ferdigstilt i desember 2015.

Helse, miljø og sikkerheit

Prosjektet vil skje tett opp i både skulen og barnehagen. Det er sjølvsagt spanande for barna å følgja med på arbeidet, no som det set i gang. Vi ber alle om å vere varsame i nærleiken av anleggsområdet. Helse, miljø og sikkerheit (HMS) står i høgsetet både hos Statens vegvesen og entreprenøren.

Vegane rundt anlegget vert tilrettelagt for trygg ferdsel for både mjuke trafikantar og bilistar. Likevel er det fint om de hjelper oss med å forklare barna at det kan vere farleg å ferdist i området. Dei må ikkje opphalda seg bak eller langs sida av maskiner og lastebilar.

Vi vil oppmoda alle i bygda til å respektere byggesperringar, også i helgene. Det er flott om de vaksne i så måte går føre med eit godt eksempel for ungane. Vi kjem til å ha tett dialog og møter med både skulen og barnehagen undervegs i byggeprosessen for å sikre god informasjonsflyt.

Etter kvart som sprengingsarbeidet tar til syter vi for SMS-varsling i forkant av sprenging, til alle som vil ha det. Meir informasjon om dette kjem seinare.

Har du spørsmål? Kontakt oss!

Statens vegvesen har prosjektkontor i gamle legekontoret på Vikaneset i anleggsperioden; her kan du vitje oss ved behov. De kan også nå oss på telefon og e-post:

Prosjektleder Asbjørn R. Opedal
tlf. 948 72 087, asbjorn.opedal@vegvesen.no

Byggeleder Cato Severinsen
tlf. 900 12 723, cato.severinsen@vegvesen.no

HAUGALANDSPAKKEN

E134 Skjoldavik-Solheim er eit prosjekt i Haugalandspakken. Haugalandspakken omfattar hovudsakleg ei standardheving av dei to viktigaste transportårene gjennom regionen: E134 mellom Haugesund og Etne og rv. 47 gjennom sju kommunar. Hensikten er å bygge eit transportsystem som legg til rette for noverande og framtidig befolknings- og næringsutvikling, som er miljøvennleg og som fører til færre ulukker og støyulemper.

Følg også med på prosjektsida vår for oppdaterte nyheiter: www.vegvesen.no/europaveg/e134skjold